

Referat frå møte nr. 67, 25. september

Dato: 16. oktober 2015

Til stades: **Baard-Christian Schem**, Helse Vest RHF, leiar
Alf Henrik Andreassen, Helse Bergen HF
Gunnar Mellgren, Helse Bergen HF
Stein Tore Nilsen, Helse Stavanger HF
Haldis Økland Lier, Helse Fonna HF
Jarle Eid, Universitetet i Bergen
Nina Langeland, Universitetet i Bergen
Petter Thornam, observatør, Dei private, ideelle institusjonar
Pål Berger, brukarrepresentant
Mari Nes, observatør, Noregs forskingsråd
Dag Rune Olsen, Universitetet i Bergen
Kjell Bernstrøm, Universitetet i Bergen
Jan Petter Larsen, Universitetet i Stavanger
Lars Fosse, Helse Stavanger HF (til stade under sak 25/2015)

Forfall: **Robert Bjerknes**, Universitetet i Bergen
Marit Solheim, Helse Førde HF
Anne Kari Hersvik Aarstad, observatør, høgskulane i regionen

Sekretariatet: **Ernst Omenaas**
Sølvi Lurfald
Ingrid Kalsnes (referent)

Saksnr.	Sak
Sak 26/2015	Godkjenning av saksliste og referat
Vedtakssak	
	Innkalling til møte 25. september 2015 vart godkjent. Referat frå møte 12. juni 2015 vart godkjent. Mari Nes meldte inn ei orientering om møte 14. oktober til eventuelt.
Sak 25/2015	Presentasjon av strategisk satsing
	Prosjektleiar for den strategiske satsinga innan forskning på frakturar og frakturbehandling, Lars Fosse, presenterte mål og status for satsinga etter 6 månadar. Det er ønskeleg å byggje opp ein regional database for å drive forskning på frakturar og frakturbehandling, og ein ønskjer å følgje pasienten frå skade til ferdig behandling. For å kunne få dette til er ein avhengig av eit stabilt IT-system som fungerer 24/7. Metoden er ikkje bygd opp i sjukehusa i regionen endå, men målet er å bygge opp forskning i heile regionen, og det er per no mogeleg å kome med forslag til prosjekt med utgangspunkt i data frå registeret i Stavanger. Personvern/samtykke, pasientdataflyt og data mellom sjukehus er utfordringar ein særskilt må jobbe med i

	tida framover.
Sak 27/2015	Møteplan for 2016
Vedtakssak	
	<p>Følgjande møteplan er sett opp for det komande året:</p> <p>Torsdag 25. februar 2016 Onsdag 13. april 2016 Torsdag 16. juni 2016 Onsdag 28. september 2016 Torsdag 24. november 2016</p> <p>Sekretariatet sender innkalling per e-post.</p> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Det regionale samarbeidsorganet vedtek møteplanen for 2016</i>
Sak 28/2015	Godkjenning av vurderingskomitear – søkbare midlar 2016
Vedtakssak	
	<p>Retningslinjer for søknadsvurdering regulerer samansetjinga av vurderingskomiteane for Helse Vest sine søkbare forskingsmidlar. Samarbeidsorganet gjer den formelle godkjenninga av komiteane. Samansetjing i vurderingskomiteane og regional fordeling av forskingsmidlane vart diskutert på møte.</p> <p>Som førebuing til årets vurderingsprosess vart medlemmene av vurderingskomiteane invitert til eit møte i Oslo i august for gjennomgang av vurderingskriterier, instruks m.m.</p> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Det regionale samarbeidsorganet vedtek samansetjinga av komiteane for Helse Vest sine søkbare forskingsmidlar 2016.</i>
Sak 29/2015	Revisjon av kreditering
Vedtakssak	
	<p>Helse Vests retningslinjer for kreditering av vitskaplege publikasjonar vert sendt ut saman med tildelingsbrevet til alle som får Helse Vest forskingsmidlar. Retningslinjene er i tråd med nasjonalt vedtatte retningslinjer for kreditering.</p> <p>Med utgangspunkt i retningslinjene og data frå dei faglege årsrapportane er det gjennomført ein revisjon av alle publikasjonar oppgitt i årsrapportar frå forskarar som har fått tildelt midlar gjennom søknadstypen «nytt fleirårig prosjekt» i åra 2010-2013,</p>

	<p>totalt 94 prosjekt/tildelingar.</p> <p>Oppsummert viser revisjonen at publikasjonar med kreditering til helseføretak i regionen burde ha vore høgare, ut i frå gjeldande retningslinjer. Revisjonen viser også at dei som søker med forankringsavtale i langt mindre grad krediterer søkerinstitusjon enn dei som er tilsett i søkerinstitusjonen.</p> <p>Frå diskusjonen vart det mellom anna peikt på at det kan vere fleire årsaker til mangelfull kreditering på tross av at informasjon om kreditering er tydeleg nedfelt i forankringsavtalen og tildelingsbrev, men at både prosjektleiar og nivå 2-leiar der prosjektet er forankra bør ansvarleggjerast.</p> <p>I første omgang er det ønskeleg å setje fokus på problematikken gjennom opplæring/tydeleggjering av informasjon, men det kan også bli snakk om avkorting av prosjektmidlar dersom manglande kreditering er gjentakande.</p> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Det regionale samarbeidsorganet ber sekretariatet følgje opp saka i tråd med innspela som kom på møtet.</i>
<p>Sak 30/2015</p>	<p>Insentivordning – eksterne midlar</p>
<p>Vedtakssak</p>	
	<p>Samarbeidsorganet vedtok i sak 46/2014 å etablere ei insentivordning for EU-midlar rekneskapsført i helseføretaka, og at ein i løpet av 2015 skulle vurdere opptrapping av ordninga for å sikre helseføretaka si deltaking og auke i eksterne midlar.</p> <p>Tal frå årets NIFU-rapport om ressursbruk til forskning i helseføretaka viser at Helse Vest hentar ut svært lite midlar frå NFR og utlandet. Søknadsstatistikk innhenta frå NFR viser vidare at det blir sendt svært få søknadar frå helseføretaka i vest. Dette kan tyde på at det er behov for tiltak for å auke søknadar og tilslag, og dei to universitetssjukehusa i regionen har meldt at det er ønskeleg og behov for insentivordningar. Sentralt ved UiB er det etablert ei insentivordning med fleire element, og samarbeidsorganet er positive til å utvide insentivordninga som er etablert for helseføretaka.</p> <p>Frå diskusjonen på møte vart det peikt på at sektorane på overordna nivå bør ha insentiv for samarbeid. Det er nedsett ei nasjonal arbeidsgruppe som skal sjå på barrierer for samarbeid i dei to sektorane, der ein av representantane i samarbeidsorganet er med. Det vart vidare peikt på at målet med insentivordningane må vere at regionen samla går opp, og at ein må bli samde om nokre kørereglar for dette.</p> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Det regionale samarbeidsorganet vedtek at den etablerte insentivordninga for EU-midlar gjeld frå 2014, dvs., at helseføretaka kan søkje om å få tildelt insentivmidlar i 2015 for EU-midlar som er rekneskapsført i helseføretaka i 2014. Dette vil gjelde midlar som gir utteljing i HODs målesystem for forskningsaktivitet, i tråd med retningslinjene.</i> • <i>Det regionale samarbeidsorganet er positive til å utvide insentivordninga til</i>

	<i>også å gjelde mellom anna toppfinansiering av Marie Curie-stillingar, SFF og SFI-ar, og eventuelt vurdere særskilte overgangsordningar for å få opp andelen Forskningsrådsmidlar i Helse Vest. Samarbeidsorganet ber sekretariatet om å kome tilbake med eit meir detaljert forslag til neste møte.</i>
Sak 31/2015	Samarbeidsorganets samansetjing, mandat og oppgåver
	Det er kome fleire nye medlemmer til Det regionale samarbeidsorganet dei siste åra og det vart difor lagt fram ei sak med informasjon om samansetjing, mandat, oppgåver, saksgang m. m. Per i dag er det berre representanten frå UiS som har vararepresentant, dette fordi dei andre institusjonane stiller med fleire representantar. Det vart peikt på at det er ønskjeleg at brukarane er representert med to representantar framfor ein som det er i dag, eventuelt at det blir etablert varaordning med møterett. Sekretariatet vil følgje opp dette.
Sak 32/2015	EATRIS – status for medlemskap
	Samarbeidsorganet har tidlegare vedtatt at det er ønskjeleg å bidra med finansiering av kontingent for EATRIS med kroner 100.000 årleg i fem år, under føresetnad av at universitetssida i regionen bidrar med tilsvarende beløp og under føresetnad av at alle helseføretak og sjukehus i regionen får likeverdig tilgang til nettverk og infrastruktur. Forskningsrådet har i etterkant av dette blitt bedt om å vurdere medlemskap gitt støtte frå alle regionane. Forskningsrådet har konkludert med ei tilråding om at Noreg bør søkje medlemskap i EATRIS gjennom Helse- og omsorgsdepartementet. Tilrådinga og andre sentrale dokument vart lagt fram for samarbeidsorganet til orientering og eventuell diskusjon. Samarbeidsorganet ønskjer ei orientering frå EATRIS på korleis forskerane i regionen praktisk kan nytte seg av medlemskapet.
Sak 33/2015	Orienteringssaker
	<ol style="list-style-type: none"> 1. Fordeling av forskingsmidlar. Samarbeidsorganet bad i førre møte om å få ei oversikt over fordelinga av forskingsmidlane (søknadsrunda 2014). Det er ønskjeleg å ta ein diskusjon på fordelinga av midlane når ny forskingsstrategi skal behandlast. Samarbeidsorganet ber også til då om å få ei oversikt som viser fordelinga av alle midlane, ikkje berre midlar tildelt for 2014. 2. Søknadar 2016. Det vart orientert om trekk ved søknadene i årets utlysing. Sett i forhold til i fjor er det i år få søknadar med formelle feil (6 %). Det er noko høgare søknadstal i år, og auken gjeld hovudsakeleg søknadar om doktorgradsstipend. 3. Samarbeid mellom universitet og helseføretak – brev frå KD/HOD om nasjonal arbeidsgruppe 4. Ressursbruk til forskning i helseføretaka 2014 – NIFU-rapport
Sak 34/2015	Eventuelt
	Mari Nes orienterte om møte 14. oktober der Jimmy Carter vil presentere den britiske analyserapporten om HRCS. Invitasjon frå Forskningsrådet vert sendt ut.
<p>Neste møte i Det regionale samarbeidsorganet er 25. november 2015 på Clarion Hotel Bergen Airport, kl. 10.30 – 14.30</p>	